

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE FØRDE HF

MØTEDATO: 25.01.2024, kl. 08:30-15:30
MØTESTAD: Førde sentralsjukehus, Førde

Styremøte var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret

Ole Gunnar Krakhellen	Styreleiar
Anne Sissel Faugstad	Nestleiar
Aud Ingrid Espeland	Medlem
Reidar Sandal	Medlem
Thomas Vingen Vedeld	Medlem
Marit Hermansen	Medlem
Ivar Eriksen	Medlem
Lena Thorsnes	Medlem
Randi Aven	Medlem <i>(deltok ikkje i sak 008/2024)</i>
Torfinn Heggland	Medlem
Kari Sunde Kville	Medlem
Sølvi Birkeland	Varamedlem <i>(deltok i sak 008/2024)</i>
Marita Aarvik	Observatør

Deltakarar frå administrasjonen

Arve Varden, administrerande direktør
Børge Tvedt, direktør Psykisk helsevern
Trine Vingsnes, direktør Medisinsk klinikk
Tom Guldhav, direktør Kirurgisk klinikk
Helge Robert Midtbø, direktør Drift og eigedom
Anne Kristin Kleiven, utviklingsdirektør
Øystein Hellesest, økonomidirektør
Arne Skjelten, HR-direktør
Asle Kjørlaus, fagdirektør
Vidar Øvrebø, stadleg leiar Lærdal sjukehus
Heidi Vederhus, stadleg leiar Nordfjord sjukehus
Terje Ulvedal, kommunikasjonssjef
Berit Irene Haarklau, referent

Andre deltakarar

Kari Anne Indrebø, avdelingssjef
Lars Erik Solend, controller

Styret hadde omvisning i Livabygget, kl. 08:30-09:30.

Styremøte starta med sakliste kl. 09:30.

SAKLISTE

Saksnummer	Sakstittel
001/2024	Godkjenning av innkalling og dagsorden, samt spørsmål om habilitet
002/2024	Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 19.12.2023
003/2024	Administrerande direktør si orientering
004/2024	Rapportering frå verksemda per desember 2023
005/2024	Internrevisjon «Uønskt variasjon i pasientforløp (BUP)»
006/2024	Løypemelding økonomiske tiltak
007/2024	Tenestetilbodet i Florø
008/2024	Tenestetilbodet innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling og tilbodet ved Tronvik
Saker til orientering:	
009/2024	Eventuelt Skriv og meldingar

«Styret sitt kvarter»

Styreleiar Ole Gunnar Krakhellen ønska styret, administrasjonen og tilhøyrarar velkommen til dagens styremøte ved Førde sentralsjukehus.

Sak 001/2024 Godkjenning av innkalling og dagsorden, samt spørsmål om habilitet

Styreleiar Krakhellen leia møtet og orienterte om dagsorden:

- 4 dokument var sendt ut til Skriv og meldingar
- Nye vedlegg til sak 008/2024 var opptrykt og utdelt til styret:
 - ✓ Nytt vedlegg 5: Brev frå Inger M. Thune, 23.10.2023
 - ✓ Vedlegg 10: Uttale frå Raudt Høyanger, 17.01.2024
 - ✓ Vedlegg 11: Uttale frå Sognarådet, 19.01.2024
 - ✓ Vedlegg 12: Brev frå LPP Sogn og Fjordane, 21.01.2024
 - ✓ Vedlegg 13: Uttale frå Årdal kommune, 17.01.2024
 - ✓ Vedlegg 14: Brev frå Linn Urnes, 18.01.2024
 - ✓ Vedlegg 15: Brev til Helseministeren frå leiar i Region Fjordane, 25.01.2024

Spørsmål om habilitet: Randi Aven stilte spørsmål om sin habilitet ved sak 008/2024. Styret konkluderte på at Aven ikkje er habil og deltok ikkje i handsaming av saka.

Varamedlem Sølvi Birkeland blir då innkalla ved handsaming av sak 008/2024.

Vedtak (samrøystes):

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

**Sak 002/2024 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF
19.12.2023**

Retting på side 17: Sølvi Birkeland møtte som «Varamedlem».

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 19.12.2023, med ovannemnde retting.

Sak 003/2024 Administrerande direktør si orientering

Adm. direktør Varden innleia om nytt punkt 6 «Sak relatert til arbeidsmiljø» til lukka del, jf Helseføretakslova §26 a.

Innleing med bilde av 50 år gammal modell av Førde sentralsjukehus, vart gitt til Helse Førde frå David Furuli/Arkitektfirma på Lillehammer.

1. Rapportering tilsynssaker

2. Oversikt over aktuelle høyringar

3. Saker til oppfølging etter styremøte

4. Ny digitaliseringsstruktur Helse Vest og Helse Førde

Fagdirektør Kjølraug orienterte om:

- Ny digitaliseringsstruktur, skilje mellom gammal og ny ordning
- Funn i Riksrevisjonen sin rapport
- Ny ordning skal vere aktiv frå 1. januar 2024, med kontinuerleg forbetring
- Digitaliseringsstyre med fire område, der pasientbehandling er det største.
- I Helse Førde speglar vi den regionale strukturen.

Status for endring av digitaliseringsstruktur:
2024 blir eit år i omstilling der den nye strukturen må finne sin form.
Utfordringspunkta er dei same regionalt og lokalt.

5. Gjenbruk /resirkulering av medisinsk teknisk utstyr Miljø – Leveringsutfordringar – Økonomi - Rekruttering

Direktør Vingsnes orienterte om:

- Utvikling driftskostnader medisinsk heimebehandling
- Mål er å auke graden av gjenbruk – spare miljø, sikker levering og betre økonomi
- Resultat 2023, viser spart innkjøpspris 2.340.000
- Mål for 2024 er resirkulering av >500 apparat, og innsparing 5 millionar

Styret kommenterte at dette skårar godt på alle parameter, og fortsette med det gode arbeidet.

LUKKA DEL:

Helseføretakslova §26 a

6. Sak relatert til arbeidsmiljø

OPEN DEL:

Vedtak (samrøystes):

Styret tek orienteringa til vitende.

Sak 004/2024 Rapportering frå verksemda per desember 2023

Oppsummering:

Administrerande direktør Varden innleia rapporteringa

- Årsoppgjeret er ikkje ferdig og resultatet vil derfor kunne endre seg framover
- Per i dag er resultatet for heile 2023 på 25 millionar bak budsjett
- Endeleg årsrekneskap vil bli handsama i styremøte 6. mars
- Styringsfarten er for høg samanlikna med budsjett 2023 og forventa økonomiske rammer framover
- Det er derfor framleis behov for omstilling, og prosessen som er starta vil halde fram
- Sjukefråværet for november var 8,7 prosent
- Aktiviteten gjennom desember var vesentleg lågare enn budsjettert

Fagdirektør Kjølraug orienterte om: Fag og kvalitet

Aktiviteten - overordna pasientflyt per desember viser:

Nytilviste 5 050 (-6%)	Ventelistekø 6 439 (-13%)	Totalkø 45 400 (2%)	Avslutta 5 283 (0%)
---------------------------	------------------------------	------------------------	------------------------

- Gjennomsnittleg ventetid – helsehjelp starta i perioden
- Gjennomsnittleg ventetid – ventande ved periodeslutt
- Fristbrot oppstått i periode, viser 168 nye i desember

Økonomidirektør Helleseeth orienterte om: Aktivitet, bemanning og økonomi

Somatikk: Aktivitet totalt i DRG i 2023 var betre enn budsjett. Beleggsprosenten viste 62 prosent.

Psykisk helsevern: Beleggprosent viser 65 prosent.

Sjukefråvær i desember var 8,7 prosent.

Resultat per desember er 25 millionar bak budsjett, men rekneskapet er ikkje ferdig avslutta.

Positive endringar:

- Inntektsføring av øyremarka midlar til prosjekt
- Inntektsføring av midlar til ekstra aktivitet og utdanningsstillingar til spesialsjukepleiarar
- Store lønsrefusjonar
- Mindreforbruk knytt til pasienttransport

Framleis utfordringar:

- Aktivitet noko under budsjett
- Meirforbruk knytt til varekostnader, inkludert medikament, H-resept og medisinsk heimebehandling
- Meirforbruk på lønnsområdet

Sjukehustalen 2024:

Adm. direktør Varden innleia om sjukehustalen, med betraktningar for Helse Førde.

Økonomidirektør Helleseeth orienterte om:

- Stopp i effektiviseringskutt – positivt med auka ramme, men størst betydning for vekstområda
- Auke rammefinansiering – redusert risiko knytt til svingingar i aktivitet
- Endra renteregime – effekt er avhengig av utvikling i rentemarknad
- Krav til eigenkapital på større investeringar – positivt og vil framskande nødvendige investeringar

Vedtak (samrøystes):

Styret tek administrerande direktør si rapportering frå verksemda per desember 2023 til vitende.

Sak 005/2024 Internrevisjon «Uønskt variasjon i pasientforløp (BUP)»

Oppsummering:

Internrevisjonen har utarbeidd revisjonsrapporten «Uønskt variasjon i pasientforløp i BUP – barn og unge med eteforstyrningar». Rapporten vart handsama i styret i Helse Vest 14.06.23. Rapporten er lagt ved styresaka. Det er utarbeidd handlingsplan for oppfølging av tilrådingane i rapporten.

Vedtak (samrøystes):

Styret tar regional revisjonsrapport «Uønskt variasjon i pasientforløp i BUP – barn og unge med eteforstyrningar» og administrerande direktør sin handlingsplan til orientering.

Sak 006/2024 Løypemelding økonomiske tiltak

Adm. direktør Varden innleia om løypemelding økonomiske tiltak. Til no har det fokus vore å innhente fakta og kartlegge konsekvensar av tiltaka.

Avdelingssjef Indrebø orienterte om: Tiltak ortopedisk avdeling

Skadepoliklinikk på Nordfjord sjukehus:

- Oppgåver i skadepoliklinikken
- Utvikling i ortopedisk avdeling
- Kort om tilbodet og kvifor ein vurderer å fjerne det
- Aktivitet per kommune
- Gjennomsnittleg tal ØH-pasientar per veke i perioden 2020-2023

Skadepoliklinikken på Lærdal sjukehus:

- Kort om tilbodet og vurderte endringar
- Årleg ØH-aktivitet per kommune
- Gjennomsnittleg tal ØH-pasientar per veke 2018-2023

Ortopedisk avdeling Lærdal:

I Lærdal er det nesten berre elektiv aktivitet på ortopedisk avdeling. Samanlikna med resten av landet har sengeposten i Lærdal flest liggedøgn per prosedyre. Dette er ein uønskt variasjon. Det blir arbeidd med ei risikoanalyse av nedstenging av sengepostar i helgar, samt auka aktivitet på operasjonsavdelinga i Lærdal.

Vedtak (samrøystes):

Styret i Helse Førde HF tek saka om status tiltak til vitende og ynskjer fortløpande informasjon om utviklinga.

Sak 007/2024 Tenestetilbodet i Florø**Oppsummering:**

Medisinsk klinikk har gjennomgått tenestetilbodet i Florø og vurderer det som mogeleg og tenleg å behalde blodbank og poliklinikk for hud. Økonomisk innsparing vil vere i storleiken 3-4 millionar kroner, avhengig av framtidige leigekostnader for areal. Psykiatritilbodet vert uendra.

Poliklinikk/avdeling	Tilråding
Hud poliklinikk	Blir vidareført. Skal vurderast kvart 2. år.
Medisinsk poliklinikk	Blir lagt ned. Tilbodet til barn vert gjeve av avansert heimesjukehus, i Førde og i primærhelsetenesta.
Medisinske sekretærtjeneste	Kan reduserast. Eventuelt samlokalisering med Psykisk helsevern vil avgjere kor mykje.
Smertepoliklinikk, Samhandling og tverrprofesjonelle tenester	Vert flytta til Førde
Læring og meistring (LMS), Samhandling og tverrprofesjonelle tenester	Vert flytta til Førde.
Fysioterapi, Samhandling og tverrprofesjonelle tenester	Vert flytta til Førde.
Radiologi	Vert flytta til Førde.

Adm. direktør Varden innleia om at tilbodet i Florø vert justert.

Direktør Vingsnes orienterte om tenestetilbodet i Florø, med supplerande informasjon etter førre styresak:

- *Arealmessige tilhøve i Førde er gjennomgått*
- *Konkretisering innsparingspotensiale*
- *Samhandling med kommunen/primærhelsetenesta*

Direktør Midtbø orienterte om leige av areal i Florø:

Medisinsk klinikk sitt arealbehov vert redusert frå 700 til 200 kvadratmeter. Psykisk helsevern vil uendra trenge 500 kvadratmeter.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret ber administrerende direktør justere tenestetilbod og leigd areal i Florø frå 01.04.24 i tråd med saksutgreiinga. Administrerende direktør får fullmakt til å tilpasse tidspunkt for justering av drifta i høve pasientbehov og omstillingsarbeidet.
2. Helse Førde skal gjennomføre omstilling med mål om at fast tilsette ikkje skal miste jobben som følgje av tiltaket. I omstillingsarbeidet må fokus vere på arbeidsmiljø, samt helse, miljø og tryggleik for tilsette og pasientar.
3. Det skal arbeidast vidare med gode samhandlingsarenaer mellom helseføretaket og det kommunale tilbodet.

Sak 008/2024 Tenestetilbodet innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling og tilbodet ved Tronvik**Oppsummering:**

Styresak 086/2023 «Tenestetilbodet innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling og tilbode ved Tronvik» vart lagt fram for styret 19.12.2023, og styret gjorde følgjande vedtak:

1. *Styret tek framstillinga til førebels etterretning,*
2. *Styret ber administrerende direktør etablere dialog med Høyanger kommune og eventuelt andre interessentar om eigedommen Tronvik.*
3. *Styret gjer endeleg vedtak i saka i styremøte i januar 2024.*

Helse Førde har to døgnsesjonar som driv døgnsbehandling innanfor TSB:

- Seksjon Nordfjord psykiatrisenter rus har 10 døgnplassar
- Rus døgns Tronvik har 15 døgnplassar

Vi har korte ventetider, både for døgns- og poliklinisk behandling. Nasjonal framskrivingsmodell syner marginal auke i behov for døgnplassar.

Som del av tiltaka for å skape økonomisk berekraft i føretaket, har administrerende direktør og vurdert tiltak innan psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling. Rekruttering av legar for å dekke det samla behovet for behandlarar har over tid vore vanskeleg, og dette er medverkande til at vi har vurdert tenestetilbodet nærmare. Saksutgreiinga syner at Helse Førde framleis kan gje eit forsvarleg tenestetilbod innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB), sjølv om vi reduserer kapasiteten på døgnsbehandling i eige føretak. Vi må legge til grunn at vi må bruke av døgnplassar utanfor helseføretaket for å dekke behovet når vi reduserer eigen kapasitet. Det er vidare viktig at vi fortløpande vurderer behov for polikliniske og ambulante tenester innan TSB.

Rus døgns Tronvik hadde i 2022 eit budsjett på 30,8 millionar kroner. Samla driftsutgifter i 2022 var 35,5 millionar kroner.

Gjennomføring av nedlegging av rus døgn på Tronvik vil medføre ein større omstillingsprosess for dei tilsette.

Adm. direktør Varden innleia om styresaka.

Direktør Tvedt orienterte om styresaka, med ei oppdatering frå førre styremøte.

- *Oppdatert styresak, med nye vedlegg*
- *Oppdatert data på tal behandla pasientar i 2023*
- *Omtale av behandling av opptrappingsplan for psykisk helse, og spørsmål til statsråden om nedlegging av Tronvik*

Det har vore møte med tilsette på rus døgn Tronvik 10.01.2024, der adm. direktør, HR-direktør avdelingssjef og klinikkdirektør deltok. Møte med tilsette drift og eigedom Tronvik var 24.01.2024. Mange nye innspel frå kommunar, brukarorganisasjonar m.m. var sendt til styret i Admincontrol 23.01.2024.

Framlegg til vedtak:

1. Styret vedtek å legge ned drifta ved seksjon rus døgn Tronvik frå 01.05.24. Administrerande direktør får fullmakt til å tilpasse tidspunkt for avvikling av drifta i høve pasientbehov og omstillingsarbeidet. Styret har i vurderinga lagt vekt på kapasitet innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) i Helse Førde og Helse Vest og den samla rekrutteringssituasjonen for legar ved psykiatrisk klinikk.
2. Styret ber administrerande direktør gjennomføre kompensierende tiltak i samsvar med saksutgreiinga for å sikre tilstrekkeleg kapasitet innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling.
3. Helse Førde skal gjennomføre omstilling med mål om at fast tilsette ikkje skal miste jobben som følgje av tiltaket. Dette skal skje gjennom naturleg avgang og omplassering av fast tilsette. I omstillingsarbeidet må fokus vere på arbeidsmiljø, samt helse, miljø og tryggleik for tilsette og pasientar.
4. Styret ber administrerande direktør etablere dialog med Høyanger kommune og eventuelt andre interessentar om eigedommen Tronvik.

Endringsframlegg frå nestleiar Faugstad, tillegg i punkt 2:

..... for å kunne ivareta behandlingsansvaret for pasientgrupper og.....

Votering:

Adm. direktør sitt framlegg til vedtak, med nestleiar Faugstad sitt tillegg i punkt 2, vart vedteke med 7 røyster (Krakhellen, Faugstad, Espeland, Sandal, Vingen Vedeld, Hermansen og Eriksen). 4 røysta mot (Thorsnes, Heggland, Sunde Kvile og Birkeland)

Vedtak:

1. Styret vedtek å legge ned drifta ved seksjon rus døgn Tronvik frå 01.05.24. Administrerande direktør får fullmakt til å tilpasse tidspunkt for avvikling av drifta i høve pasientbehov og omstillingsarbeidet. Styret har i vurderinga lagt vekt på kapasitet innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) i Helse Førde og Helse Vest og den samla rekrutteringssituasjonen for legar ved psykiatrisk klinikk.
2. Styret ber administrerande direktør gjennomføre kompensierende tiltak for å kunne ivareta behandlingsansvaret for pasientgrupper og for å sikre tilstrekkeleg kapasitet innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling.
3. Helse Førde skal gjennomføre omstilling med mål om at fast tilsette ikkje skal miste jobben som følgje av tiltaket. Dette skal skje gjennom naturleg avgang og omplassering av fast tilsette. I omstillingsarbeidet må fokus vere på arbeidsmiljø, samt helse, miljø og tryggleik for tilsette og pasientar.
4. Styret ber administrerande direktør etablere dialog med Høyanger kommune og eventuelt andre interessentar om eigdommen Tronvik.

Saker til orientering:**Sak 009/2024 Eventuelt**

Neste styremøte vert 6. mars, iht møteplanen. Det kan eventuelt bli behov for eit digitalt styremøte i mars.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek «Skriv og meldingar» til vitende.

Skriv og meldingar**Følgjande skriv og meldingar var utsendt:****Følgjande skriv og melding var utdelt i møte, til styresak 008/2024:**

- Nytt vedlegg 5: Brev frå Inger M. Thune, 23.10.2023
- Vedlegg 10: Uttale frå Raudt Høyanger, 17.01.2024
- Vedlegg 11: Uttale frå Sognarådet, 19.01.2024
- Vedlegg 12: Brev frå LPP Sogn og Fjordane, 21.01.2024
- Vedlegg 13: Uttale frå Årdal kommune, 17.01.2024
- Vedlegg 14: Brev frå Linn Urnes, 18.01.2024
- Vedlegg 15: Brev til Helseministeren frå leiar i Region Fjordane, 25.01.2023

Ref. Berit Irene Haarklau
25.01.2024

Ole Gunnar Krakhellen	Styreleiar
Anne Sissel Faugstad	Nestleiar
Aud Ingrid Espeland	Medlem
Reidar Sandal	Medlem
Thomas Vingen Vedeld	Medlem
Marit Hermansen	Medlem
Ivar Eriksen	Medlem
Lena Thorsnes	Medlem
Randi Aven (deltok ikkje i sak 008/2024)	Medlem
Torfinn Heggland	Medlem
Kari Sunde Kvile	Medlem
Sølvi Birkeland (deltok i sak 008/2024)	Varamedlem